



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/3016 - 19/20442

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
01.10.2019

Statusrapport prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Kristin Moe, Lindås kommune

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA-B08	17/3016

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
36/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019
42/2019	Kommunestyret	PS	25.09.2019

Statusrapport prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019

Vedlegg:

Statusrapport Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø, august 2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommunestyre vedtok hausten 2017 at det skulle opprettast eit prosjekt som skulle fremme positivt oppvekst- og skulemiljø jamfør sak 35/2017 og 92/2017. I Kommunestyresak nr. 92/2017 ArkivsakID 17/1349 står det:

«Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenestekområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.*
- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøte.*

Prosjektarbeidet skal gje moglegheit for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.”

Utval for levekår har vore orientert om framdrift seinast jamfør sak 40/2018.

Vurdering

Prosjektet er no inne i sitt siste halvår, og prosjektleiar og prosjektansvarleg har utarbeida ein statusrapport (vedlegg) som skildrar innhald i prosjektet så langt og peikar fram mot avslutting av prosjektet samt overgang til Alver kommune.

Det vert gjeve ei orientering i møte.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Det vert gjeve orientering om status for prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø i møte.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek informasjon om status for Prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019 til vitande

Utval for levekår - 36/2019

ULK - behandling:

Rektor Meland ungdomsskule Hilde B. Hugaas og prosjektleiar Anette Hesjedal orienterte.

Alternativ framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen, SP:

Kommunestyret har gjennom rapporten fått kunnskap om det viktige arbeidet som er gjort vedk. trygt og godt skulemiljø.

Kommunestyret meiner at dette arbeidet må vidareførast i nye Alver kommune.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 7 røyster mot, og fall.

ULK – samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjennom rapporten fått kunnskap om det viktige arbeidet som er gjort vedk. trygt og godt skulemiljø.

Kommunestyret meiner at dette arbeidet må vidareførast i nye Alver kommune.

Kommunestyret - 42/2019

KS - behandling:

Orientering i starten av møtet av prosjektleiar Anette Hesjedal.

KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret har gjennom rapporten fått kunnskap om det viktige arbeidet som er gjort vedk. trygt og godt skulemiljø.

Kommunestyret meiner at dette arbeidet må vidareførast i nye Alver kommune.